

# KONTROLLUTVALET I GISKE KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 06.04.2021 kl.13.00

Møtestad: Fjernmøte i Teams.

Møtet vart leia av Dag Oksnes.

Elles til stades: Asbjørn Furnes, Herman Rørvik Blindheim, Inger Johanne Sund og Sissel Anita Roald.

### = 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram, konstituert leiar/forvaltningsrevisor Kurt Løvoll og forvaltningsrevisor Ingvild Bye Fugelsøy.

Frå administrasjonen i Giske kommune møtte kommunedirektør Marianne Stokkereit Aasen og beredskapssjef Cecilie Holen (under sak om orientering om intern kontroll).

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjent.

---

Beredskapssjef Cecilie Holen ga kontrollutvalet ei orientering kring arbeidet med internkontroll i Giske kommune i byrjinga av møtet. Ho fortalde nærare om avvik systemet Compilo og korleis leiarane handsama avvika. Vidare fokuserte ho på korleis leiinga handterer prosedyrar og andre tiltak for intern kontroll. Utvalet sine medlemmar fekk høve til å stille spørsmål og diskutere nærare presentasjonen. Kommunedirektøren supplerte om arbeidet med internkontroll i kommunen. Leiar Dag Oksnes tok opp spørsmålet om kommunen hadde oversikt over gåver motteken frå frivillige/lag/organisasjonar. Kommunedirektøren lova å undersøkje med institusjonane om dei har oversikt over kva gåver o.l. dei har fått, frå kven og kva det er.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Giske kontrollutval takkar administrasjonen for ein god presentasjon og ber om å bli halden oppdatert om det vidare arbeidet med intern kontroll i Giske kommune.

## Giske kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 06/21

**Møtedato:** 6. april 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

### **GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 9. FEBRUAR 2021**

---

Sakspapir frå sekretariatet datert 30. mars 2021

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenne møteboka frå møtet 9. februar 2021.

## Giske kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 07/21

**Møtedato:** 6. april 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

### **MELDINGAR**

---

**Melding nr. 1** Frå personalsjef Synnøve Thorseth i Giske kommune:  
habilitetsvurdering knytt til tilsetting av ny kommunalsjef oppvekst.

**Melding nr. 2** Oppdatering om FKT (forum for kontroll og tilsyn) sin fagkonferanse i  
Ålesund 1. og 2. juni 2021.

Sakspapir frå sekretariatet datert 30. mars 2021

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

## Giske kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 08/21

**Møtedato:** 6. april 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

### **BUDSJETTAVVIK OG OPPLYSNINGAR I ÅRSMELDINGA VED OPPDRAKSANSVARLEG REVISOR KATHRIN HARAM**

---

Sakspapir frå sekretariatet datert 30. mars 2021

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

## Giske kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 09/21

**Møtedato:** 6. april 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

### **PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

---

Sakspapir frå sekretariatet datert 30. mars 2021

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon innanfor temaet vedlikehald av kommunale bygg i Giske kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.

## Eventuelt:

Revisor opplyste at arbeidet med revidering av årsrekneskap og årsmelding 2020 var i rute og at dette kan leggest fram for kontrollutvalet på deira neste møte 25. mai 2021.

Møtet var slutt kl. 14.05

Dag Oksnes  
leiar  
(sign.)

Asbjørn Furnes  
nestleiar  
(sign.)

Herman R. Blindheim  
medlem  
(sign.)

Inger Johanne Sund  
medlem  
(sign.)

Sissel Anita Roald  
medlem  
(sign.)